



Arkivnr: 2014/11270-1  
Saksbehandlar: Gudrun Mathisen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.02.2014

## Klimaplan for Hordaland 2014 - 2030. Høyringsutkast

### Samandrag

Klimaplan for Hordaland 2010-2020 skal rullerast etter 4 år. Det er slått fast i Regional planstrategi 2012-2016. Rulleringsarbeidet starta opp etter at Fylkesutvalet vedtok planprogram april 2013. Hovudvekt er lagt på energitemaet og tema om tilpassing til klimaendringar. Framlegg til ny klimaplan byggjer i stor grad på den førre planen, men alle kapitla er gjennomgått og justert, og det er nye målformuleringar på fleire tema.

Hordaland fylkeskommune har eit breitt samarbeid med mange på klimafeltet, og har gjort ein del erfaringar. Vonleg fangar framlegget til ny klimaplan opp desse erfaringane og peiker på nye vegar og strategiar i arbeidet. Klimautfordringane er store og krev konstruktiv innsats av oss alle, og ambisjonane må vere høge.

Eg rår til at planutkastet vert sendt på offentleg høyring i medhald av plan- og bygningslova.

### Forslag til vedtak

1. Forslag til Klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 vert sendt på høyring.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 03.02.2014

### Bakgrunn

Klimaplan for Hordaland var første gong vedtatt av fylkestinget i juni 2010 (FT-sak 23/10). I medhald av plan- og bygningslova skal regionale planar rullerast kvart 4. år. Intensjonen er at det sittande fylkestinget skal ha høve til å påverke politikktutforminga.

Regional planstrategi 2012-2016, vedtatt av fylkestinget desember 2012 (FT-sak 77/12) slår fast at klimaplanen skal rullerast og at den bør opp til ny handsaming i juni 2014. Fylkesutvalet vedtok i februar 2013 å sende planprogram på høyring (FUV-sak 39/13). Det kom inn 15 fråsegner, og endeleg planprogram vart vedtatt i april 2013 (FUV-sak 96/13). Fylkesutvalet fekk i oktober 2013 ei orientering om arbeidet med rullering av klimaplanen (FUV-melding 250/13).

Klimaplanen er ein regional klima- og energiplan i medhald av plan- og bygningslova. Det vil seie at den er gjeldande for fylkeskommunens eiga verksemd, og at den skal leggjast til grunn for kommunal og statleg planlegging og verksemd. Planen medfører ikkje rettsleg plikt, men gjev grunnlag for fråsegner og ev. motsegn til planar og saker som fylkeskommunen får på høyring, som kommunale planar og søknader om kraft- og nettutbygging.

Årlege handlingsprogram til klimaplanen blir vedtatt i fylkestinget i desember, etter innstilling frå alle fagutvala og fylkesutvalet.

### Rullering av klimaplanen - føringar og rammer for arbeidet

Sidan førre plan er det kome fleire stortingsmeldingar og stortingsvedtak som gjeld klima. Meld.St. 21 (2011-2012) Norsk klimapolitikk med det påfølgjande Klimaforliket, vedteke i juni 2012 og Meld.St. 33 (2012-2013) Klimatilpassing i Norge er mellom dei viktigaste. Fleire andre stortingsmeldingar er nemnde i planen.

Statistisk Sentralbyrå har ikkje publisert utsleppsdata for fylkes- og kommunenivå sidan 2010. Det gjer det krevjande å målfeste utviklinga og setje nye presise og målbare mål. SSB har lova å starte opp at publiseringa frå og med 2014.

Fleire regionale planar med konsekvensar for klimaarbeidet i Hordaland er vedtatt eller starta opp sidan sist. I planarbeidet har ein lagt stor vekt på at planutkastet skal vere konsistent med dei andre regionale planane i Hordaland, slik at dei stør opp om kvarandre. Det gjeld særleg planane innanfor transportsektoren, for arealbruk og utbyggingsmønster, og for næringsutvikling. Likevel kan ein finne målkonfliktar på nokre punkt.

Mellom anna Kultur- og ressursutvalet har tatt til orde for at klimaplanen bør vere overordna og retningsgjevande for dei andre planane på regionalt nivå.

### Om val av tidsperspektiv

Som nemnt kan planar etter plan- og bygningslova rullerast etter 4 år. Dersom rullering ikkje er vedtatt, vert planen automatisk forlenga inntil noko anna er vedtatt.

Vanlegvis peiker regionale planar 12 år fram i tid. Førre klimaplan hadde eit tidsperspektiv til og med 2020. 2020 vart vald av di det samsvarer med fleire internasjonale målpunkt.

Vi har i den nye planen valt 2030 som tidsramme. Også denne gongen er det i samsvar med internasjonale mål, i første rekke EU. Gjennom EØS-avtalen har EU sin politikk direkte konsekvensar for norsk politikk på feltet.

### Innhald i gjeldande klimaplan

Gjeldande Klimaplan 2010-2020 har som visjon:

Klima- og energifylket Hordaland går føre i felles dugnad for ei berekraftig framtid.

Planen har 11 kapittel:

1. Innleiing, 2. Mål og visjon, 3. Klimaendringar og klimagassutslepp, 4. Samarbeid og verkemidlar, 5. Energi, 6. Forbruk og avfall, 7. Bygningar, 8. Arealbruk og transport, 9. Næringsutvikling, 10. Teknologi og klimautfordringar, 11. Klimatilpassing. Mål, strategiar og delmål er knytt til kapitla 4 – 11, bortsett frå kapittel 10 som berre har strategiar.

### Innhald i framlegg til ny klimaplan

Kunnskapsmessig har det skjedd ein god del på klimafeltet sidan 2010. Kunnskapsnivået har auka, og vi har fått meir erfaring i arbeidet. Det var grunngevinga for at rulleringa særleg har tatt for seg temaa energi og klimatilpassing. Men alle kapitla er gjennomgått og justert. Høyringsutkastet har følgjande hovudkapittel:

<i>Kapittel i ny plan</i>	<i>kap. i tidlegare plan</i>
1. Visjon, mål og handlingsrom	kap. 2 og 4
2. Klimautfordringane	kap. 3
3. Energiproduksjon	kap. 5
4. Bygningar	kap. 7
5. Arealbruk og transport	kap. 8
6. Næring og teknologi	kap. 6, 9 og 10
7. Tilpassing til klimaendringar	kap. 11.

Kapittel 1 har framlegg til visjon og 3 hovudmål.

*Visjon:* Hordaland på veg mot lågutsleppssamfunnet.

*Mål for klimagassutslepp:* Utslepp av klimagassar i Hordaland skal reduserast med 22 % innan 2020 i høve til 1991 og 40 % innan 2030 i høve til 1991.

*Mål for Energi:* Energibruken i Hordaland skal reduserast med 20 % innan 2020 og 30 % innan 2030 i høve til 2007. Energibehovet til alle føremål skal i størst mogleg grad dekkjast av fornybare energikjelder utan tap av naturmangfald.

*Mål for Tilpassing til klimaendringar:* Tilpassing til klimaendringar skal baserast på føre-var-prinsippet, stadig meir presise grunnlagsdata og kunnskap om lokale tilhøve.

Kapitlet gjer greie for handlingsrommet, med ei kortfatta oversikt over internasjonal klimapolitikk, EU sin klimapolitikk og norsk klimapolitikk med statlege verkemidlar. Utviding av handlingsrommet gjennom samarbeid går gjennom rollene til fylkeskommunen, kommunane, lokalsamfunn, frivillige organisasjonar og nokre av forskingsmiljøa. Roller og ansvar vert også tatt opp i fleire av dei andre kapitla.

Kapittel 2 har status for klimagassutslepp og energi, energisituasjonen i Noreg og Hordaland og utviklingsbanar for klimaendring.

Kapittel 3 har mål for energiproduksjon og –distribusjon, status for energiproduksjon, omhandlar energieffektivisering, fossil energiproduksjon, fornybar energiproduksjon og distribusjon og lagring. Kapitlet har 3 strategiar med i alt 13 punkt, som skal leggjast til grunn i sakshandsaming.

Kapittel 4 har mål for bygningar, status over bygningsmassen med utslepp og energibruk, omtalar korleis vi kan nå måla med energieffektivisering, energikonvertering, auka kompetanse og rådgjeving. Kapitlet har 3 strategiar for klimavenlege bygningar, med i alt 10 punkt.

Kapittel 5 har mål for arealbruk og mål for transport, status for mobile utslepp og utbyggingsmønsteret, utslepp for ulike transportmidlar, planar, omtalar korleis vi kan nå måla med betre utbyggingsmønster, meir gange, sykkel og kollektivtransport, avgrensing av biltrafikken, overgang til transportmidlar med låg- og nullutslepp. Kapitlet har 4 strategiar med i alt 26 punkt, og 7 retningsliner for planlegging.

Kapittel 6 har mål for næring, status for næringslivet sine utslepp av klimagassar og energibruk, og omtalar korleis vi kan nå måla ved å bruke regional næringsplan, miljøstyring og miljøsertifisering og berekraftig bruk av naturressursane. Kapitlet har 3 strategiar med i alt 10 punkt.

Kapittel 7 har mål for tilpassing til endra klima, status for konsekvensar for natur, menneske og samfunn, og omtalar korleis vi kan nå måla med heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging, kunnskapsutvikling og samarbeid og betre handtering av overvatn. Kapitlet omtalar roller og ansvar til dei mest sentrale aktørane for klimatilpassing, og 4 strategiar med i alt 8 punkt, og 5 retningslinjer.

### **Merknader**

Gjeldande klimaplan for 2010 – 2020 er omfattande og dekkjer store delar av samfunnslivet i Hordaland. Utkast til plan for perioden 2014 – 2030 byggjer i stor grad på den første planen og tar opp dei same utfordringane, som framleis er like presserande.

Det hastar med å få til eit grønt skifte. Klimaplan for Hordaland kan berre gripe tak i ein liten flik av alt som må gjerast for at vi skal få ei ønska utvikling. Måla i planen er likevel ambisiøse, og krev at mange fleire aktørar enn fylkeskommunen medverkar i arbeidet. Kommunane er primær målgruppe og planen må vere nyttig for dei. Vonleg kan planen også vere nyttig for andre som arbeider for dei same måla.

Eg rår til at planutkastet vert lagt ut til offentleg høyring i perioden 24.februar – 23. april. Det vert lagt opp til 2-3 regionale høyringsmøte i perioden. Endeleg planforslag vert lagt fram for alle utvala i mai med sikte på vedtak i fylkestinget i juni 2014.